



Solhytten AS
Welhavens vei 4
4319 SANDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1188 - 14/13347

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
09.09.2014

Godkjenning - Igangsettingsløyve for oppføring av erstatningshytte på gbnr 45/21, Vikebø i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 253/2014

Tiltakshavar: Irmelin M.P. Kårbø
Ansvarleg søkjar: Solhytten AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld søknad om igangsettingsløyve for riving av eksisterande hytte og oppføring av ny hytte på gbnr 45/21, Vikebø. Kommunen har i DNT-vedtak av 18.3.2014 gjeve rammeløyve for tiltaket. Det er ingen endringar i prosjektet frå det som var godkjent i rammeløyvet. Naudsynte dispensasjonar vart gjeve gjennom UDU-vedtak av 21.1.2014.

Det vert elles vist til søknad journalført 8.7.2014.

VURDERING:

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar:

Føretak:	Godkjenningsområde for ansvarsrett:
O K Charter AS Org.nr 942 342 713 Lokal godkjenning	UTF, Riving-, grave, og betongarbeid (tkl 1) UTF, Plasstøpte betongkonstruksjonar (tkl 1)

Omnes Hus og Hyttebygg AS Org.nr 880 416 162 Lokal godkjenning	UTF, Tømrerarbeid, montering av stålpipe og ildsted (tkl 1)
Medaas Oppmåling Org.nr 986 448 551 Lokal godkjenning	UTF, Plassering av bygg (tkl 1)
AS Haugland VVS Org.nr 931 442 295 Sentral godkjenning	PRO, rørleggararbeider (tkl 1) UTF, rørleggararbeider (tkl 1)

Det vert elles vist til allereie godkjente ansvarsrettar i rammeløyve av 18.3.2014 (Solhytten AS).

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav (a) og (i) gjev Meland kommune løyve til igangsetting av heile tiltaket i samsvar med søknad journalført 8.7.2014. Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf vurderinga ovanfor.

Plassering og utforming av bygget skal vere som omsøkt og vedteke i rammeløyve av 18.3.2014. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28. Skjema for klagerett vert ikkje vedlagt då dette var vedlagt rammeløyvet, men vil ved førespurnad kunne utleverast av sakshandsamar Tore Johan Erstad. Saka er handsama administrativt i medhald av delegert mynde. Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1188.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Irmelin M.P. Kårbø

Fløytingen 74 A 3514

HØNEFOSS

Mottakere:
Solhytten AS

Welhavens vei 4 4319

SANDNES